



TUSSA

Norges vassdrags- og energidirektorat

TUSSA ENERGI AS

Langemyra 6, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 62 00

E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 14386
NO 876 795 442 MVA

Dykkar ref.: Håvard Vedeler Nilsen Vår ref.: Hans Strømmen Sak/dok.nr.: 201907463 Arkivref. Dato: 27.04.2026

Merknad til vedtak - konsesjonsvilkår for regulering av Åmelavassdraget

Vi viser til vedtak på nye konsesjonsvilkår for regulering av Åmelavassdraget. Som det er kommentert pr. telefon, meiner vi at oversendingsbrevet og vedtaksvedlegget gir eit feil inntrykk av krafttapet frå dei fem magasinane og dei fire ulike vassdraga ved Q95 minstevassføring, dette ved berre å ta med verdien frå dei 4 minste magasinane. Dette gir eit feil bilde av tapsverdien dersom det skal vere Q95 verdi frå alle vassdraga/magasinane.

Tabellen under viser NVE / Tussa Energi sin berekna krafttapsverdi på dei ulike magasinane i vassdraget.

Krafttap tabell (Tal i GWh)

Magasin	NVE	Tussa Energi
Nordalselva	2,2	2,5
Åheimsvassdraget	1,2	1,4
Storlidvatn	6,2(0,0)	6,7
Sarpavatn	2,2	2,4
Løysingsvatn	1,2	1,4
Totalt	13 GWh (6,8 GWh)	14,4 GWh

I vedtaket til NVE er det lagt til grunn det alternativet med lågast krafttap, utan å ta med Q95 frå Storlidvatnet. Dette alternativet reknar berre med eit slepp av Q95 frå Sarpevatn, som gir eit berekna krafttap på 6,8 GWh. Dette tilsvarar omlag 5% av

årsproduksjonen i Åmela Kraftverk. Dersom ein inkluderer Storlidvatnet vil det totale krafttapet verte 13 GWh som utgjør omlag 10% av årsproduksjonen.

Tussa Energi sine berekningar viser eit samla krafttap på 14,4 GWh. Dette er berekna med Q95 verdiane og berekna energiekvivalentar for magasinane i høyringsgrunnlaget.

Eit krafttap på mellom 13 GWh og 14,4 GWh er eit krafttap på 10-11% av årsproduksjonen i Åmela kraftverk.

Vi ber om at vedtaksbrevet med vedlegg blir korrigert slik at samla krafttap er korrekt framstilt, eventuelt at det vert presisert at Storlidvatnet ikkje inngår i dei tapsberekningane som er lagde til grunn.

Tussa Energi har no engasjert konsulentar for å utarbeide tiltaksplanar for miljø og landskap i vassdraga og vi sender inn framdriftsplan for dette arbeidet så snart denne er avklart.

Med venleg helsing
TUSSA ENERGI AS



Terje Myklebust
Kraftverksjef